

Ny rekord i kollektivreisande

I 2019 var det ny rekord i kollektivtrafikken i Hordaland med 78,9 millionar reisande. Det er ein auke på 6 prosent i høve 2018. Bybanen aukar mest, med heile 16 prosent, og nærmare seg 19 millionar årlege passasjerar.

Sidan 2010 har passasjertala for kollektivtrafikken i Hordaland hatt god vekst kvart einaste år. For reiser innan Bergen kommune er auken på nær 140 prosent sidan 2010. Reisetala for 2019 syner framleis at stadig fleire reiser med buss, båt og bybane.

I 2018 viste statistikken for Hordaland at det var totalt 73 millionar kollektivreiser. Reisestatistikken frå Skyss for 2019 endar på 78,9 millionar reiser, som gir ein prosentvis auke på 6 prosent.

Aukar meir enn auken i folketal

Auken i reisetala er langt over veksten i folketalet i regionen, som i Bergen var på 0,5 prosent i 2019, og i Hordaland totalt under 0,4 prosent, ifølge Statistisk sentralbyrå (SSB).

– Statistikken for kollektivreisande i Hordaland viser formidable gode tal. Eg er veldig takknemleg for at innbyggjarane reiser kollektivt og klimavennleg. Det er tilfredstillande å sjå at våre politiske prioriteringar, blir sett pris på og at den sterke veksten held fram. Vi ser at velfungerande kollektivtrafikk også er ein nøkkel for at vi når nullvekstmålet for personbiltrafikken, seier fylkesordførar Jon Askeland.

Tal påstigingar 2019:

Geografisk fordeling	2017	2018	2019	% endring frå 2018
Buss Bergen kommune	43 160 000	44 303 000	46 153 000	4 %
Buss Bergensområdet	48 408 000	49 073 000	50 477 000	3 %
Bybane	12 591 000	14 862 000	18 655 000	16 %
Total Bergensområdet*	61 563 000	64 528 000	69 804 000	6 %
Båt Kleppestø-Strandkaaien		563 000	593 000	672 000 13 %

Buss Hordaland utanom Bergensområdet	7 753 000	7 877 000	8 568 000	9 %
Båt Hordaland utanom Bergensområdet (brutto)	547 000	556 000	563 000	1 %
Total Hordaland	69 863 000	72 961 000	78 935 000	6 %

*Inkl. båt Kleppestø-Strandkaaien

Bergensområdet = Bussområda Bergen sentrum, Bergen sør (inkl. Os), Bergen nord, Vest (Askøy, Sotra, Øygarden), Bybanen og båt Kleppestø-Strandkaaien.

Transportmiddel	2017	2018	2019	% endring frå 2018
Buss	56 162 000	56 950 000	59 045 000	4 %
Bybane	12 591 000	14 862 000	18 655 000	16 %
Båt*	1 110 000	1 149 000	1 235 000	8 %
Total	69 863 000	72 961 000	78 935 000	6 %

*Inkl. Kleppestø-Strandkaaien, Knarvik-Frekhaug-Bergen, Sunnhordland-Austevoll-Bergen og lokalbåtrute Austevoll

18,7 millionar på Bybanen

Bybanen hadde nær 18,7 millionar påstigingar i 2019. Veksten er på heile 16 prosent samanlikna med året før. I 2019 var det i snitt nær 60 000 daglege påstigingar på Bybanen på kvardagar.

– Bybanen har ei særstilling i kollektivsystemet vårt, og dei enorme reisetala syner kva for ein suksess banen er. Tala understrekar også kor viktig det er med vidare utbygging, slik at fleire bydelar kan få det same gode tilbodet, seier Jon Askeland.

Stor passasjerauke på båt

For båt har talet på påstigingar auka med 8 prosent frå 2018. Det er i hovudsak Askøyruta (Kleppestø-Strandkaaien) som står for veksten. Totalt sett utgjer båtpassasjerane 1,6 prosent av dei kollektivreisande i fylket.

Auke i bussreisande

Det er vekst i talet på påstigingar på buss både i og utanfor Bergen. I Hordaland er det ein auke på 9 prosent i tal reisande utanom Bergensområdet.

– Eg synest det er ein god auke for bussreisande også i distrikta i Hordaland, noko som viser at vi må fortsette å legge til rette for gode kollektivtilbod i heile fylket.

Noko av årsaka til høgare tal for Hordaland er automatisk passasjerteljing i Nordhordland, som gir sikrare reisetala. Samstundes er det teikn på at den nye takst- og sonestrukturen frå hausten 2018, har gitt auke i talet på bussreisande, særleg i pendlarkorridorane inn mot Bergen. Det vert seld fleire 30-dagars periodebillettar enn før, og det er auke i salet på slike billettar mellom sone A (Bergen) og pendlaromlandet. Skyss arbeider med ei evaluering av takst- og sonestrukturen der dei ser nærare på desse effektane.

Omleggingar av busstrafikken

I samband med stenginga av Olav Kyrres gate i april 2019 fekk svært mange busslinjer i Bergen nytt køyremønster i Bergen sentrum. Reisestatistikken syner

gledeleg nok at reisetala for buss blir oppretthaldne. Noko av auken i påstigingar på Bybanen kan ha samband med at fleire reisande tek banen mellom Byparken og Bergen busstasjon, for å kome til og frå bussen sin.

Om passasjerstatistikken

Reisetala for Bybanen er i 2019 i all hovudsak basert på automatisk passasjerteljing, der teljeutstyr (APC) er innført om bord på alle vognene. Betre datagrunnlag gir betre kvalitet på passasjerstatistikken. Endringa i prosent for 2019 i forhold til 2018 er basert på dei fire siste månadene av året, som hadde same kvalitet for datagrunnlaget

Kontaktpersonar:

Fylkesordførar Jon Askeland, mobil: 474 59 720

Målfrid Vik Sønstabø, Direktør i Skyss, mobil: 916 53 176